

Avduka leike-  
brannbil til minne  
om brannsjefen

SIDE 12



Til topps i nyopna  
klatrepark på  
Grodås

SIDE 12



# FJORDINGEN

LOKALAVISA FOR INDRE NORDFJORD NR. 38, 82. ÅRGANG LAUSSAL KR 25,- TYSDAG 16. MAI 2017 FJORDINGEN.NO

## Leverer til Danmark



**DANSK KONTAKT:** Nomek i Stryn skal levere i alt tre mobile avvatningseiningar til Danmark. I tillegg har Nomek oppretta kontakt med to andre danske verksemder. Dagleg leiar Jon-Rune Heimlid (t.v.) og Elias Loen opplever også ein auke i leveringar i Norge. FOTO: THOMAS THAULE

● Nomek i Stryn leverer i desse dagar den andre av i alt tre bilar til ein stor kunde i Danmark. Det er også oppretta kontakt med to andre

danske aktørar. – Gunstig kronekurs gjer at danskane ser til Norge, seier dagleg leiar Jon-Rune Heimlid.

SIDE 5



Slo til med  
siger i sitt  
andre maraton

SIDE 14



50 års-jubilant  
med nye planar

SIDE 10 OG 11

**MEMLEMSKUPP**  
**28<sup>90</sup>**  
LØNER SEG

**DIPLOM-IS KRONEIS**  
6 pk. 2 variantar  
Ikkje medlem, sjå hyllepris

**MEMLEMSKUPP**  
**19<sup>90</sup>**  
LØNER SEG

**DIPLOM-IS SAFTIS**  
8 pk. 2 variantar  
Ikkje medlem, sjå hyllepris

**JORDBÆR**  
Import. 400/500 g.  
Pr pk.  
Pr kg frå 45,80

**EXTRA Bonus 11%**  
på alle frukt & grønnsaker

**22<sup>90</sup>**

**Plukk & miks**

**RINGNES BRUS**  
Utvalde variantar. 1,5l  
Frå 11,87/l. 1 flaske frå 28,0

**5 for 89** +pant

**EXTRA**

**Stryn**  
7-23

**Eid**  
7-23 (8-21)

**Volda**  
8-22 (20)

**Hareid - Fosnavåg**  
7-23 (8-21)

**Coop - litt ditt**  
I Coop får du kjøpeutbytte på alt du handlar.  
Meir informasjon om dei ulike fordelane finn du på: Coop.no

Tilboda gjeldt veka 20

Med etterhandl om trykkekval og utseid.



**ÅTVARING:** Politiførstebetjent Vidar Stavik gav ei gruppe av russen åtvaring fredag, etter at ungdom skal ha blitt skubba i elva.

## Politiet gav åtvaring til russen

Ei gruppe av strynerussen fekk åtvaring frå politiet fredag, etter at politiet blei kjend med at russen skulle ha dukka ungdom i elva og deretter lagt ut film om hendingane på sosiale media.

– Vi fekk tips torsdag og såg gjennom filmmaterialet. Deretter reiste vi på skulen fredag og

snakka med russen. Dei fekk beskjed om at slike ting gjer ein ikkje. Dei fornærma har ikkje meldt forholda til politiet, og vi har heller ikkje oppretta sak. Men skjer slike ting ein gong til, kan det bli politisak ut av det, seier politiførstebetjent Vidar Stavik.

– Filmane vi har sett viser

ungdom som vert skubba og kasta ut i vatnet, til dels på grunt vatn i ei elv. Dermed kunne konsekvensane også blitt meir alvorlege for dei fornærma, seier Stavik.

Han har elles inntrykk av at russen i Stryn oppfører seg fint.

**BENGT FLATEN**  
bengt.flaten@fjordingen.no

● Avtale med firma i Danmark

# To av tre bilar er levert



**SISTE FINPUSS:** Arve Sunde (framme) og Ronny Røren med siste finpuss før bilen blir sendt til Danmark.



**BIL NUMMER TO:** Bestilling nummer to av tre er på veg frå Nomek i Stryn til Odense i Danmark. T.v. dagleg leiar i Nomek, Jon-Rune Heimlid og ansvarleg for produktutvikling, Elias Loen.

Fredag gjorde Nomek klar den andre av i alt tre bilar som skal leverast til Danmark.

– Ein mobil avvatningseining er allereie på plass i Danmark, og den andre skal leverast i desse dagar, seier dagleg leiar i Nomek, Jon-Rune Heimlid. Nomek har i tillegg avtale på ein tredje bil til firmaet FKS Slamson i Odense som er leverandør av kloakkservice, slamsuging, spyling og inspeksjon.

Med ein avvatningsbil blir tørrstoffet skilt ut frå septikslammet og reint spillvatn blir ført tilbake til septiktanken.

### Stor aktør i Danmark

Tidlegare i år har stryneverk-

semda levert ein slik bil til firmaet i Danmark, som er av dei største aktørane på mobil avvatning.

– Dei har om lag 30 køyretøy i bilparken sin, og det er eit selskap i vekst, fortel Heimlid.

– Ein tredje bil er i bestilling, og den skal leverast over sommarferien, opplyser Elias Loen som er ansvarleg for produktutvikling i Nomek.

### Kontakt med fleire

I tillegg til avtalen med FKS Slamson i Odense er også Nomek i kontakt med to andre danske aktørar.

– God kronekurs er ei viktig årsak til at det er gunstig å handle i Norge, seier Heimlid. Han fortel at Nomek fokuserer på såkalla livssyklus-kostnader.

– Det er kanskje ei dyr investering på dag ein, men ei gunstig investering over tid.

### Auke i levering i Norge

Nomek opplever også ei auke i leveringar her til lands.

– Vi har hatt ein auke i år på levering av krok-bilar og trekkvogner, blant anna har vi levert mykje til Finnmark, fortel Elias Loen.

## ●● God kronekurs gjer det gunstig å handle i Norge

Jon-Rune Heimlid, dagleg leiar i Nomek

Nomek har i dag 56 tilsette og spesialiserer seg innan områda platearbeid, lastebilpåbygg og

service og vedlikehald. Verksamda har gjort investeringar for om lag 60 millionar kroner, mellom anna 20 millionar på maskiner. I 2020 håpar Nomek på å runde 100 millionar i omsetnad. Dei jobbar også med utvidingsmulegheit og auka produksjonsareal.

**THOMAS THAULE**  
thomas.thaule@fjordingen.no



**AUTOMAT:** Verksemda Vendanor i Stryn opplever interesse for propanautomatane langt utanfor landegrensene. Her informerer Harold Wieldraaijer Nordfjorrådet om verksemda.

## Førespurnader frå heile verda

På sitt møte i Stryn fredag fekk Nordfjorrådet omvising i lokala til stryneverksemdene Nomek og Vendanor.

Vendanor, ein spin off-bedrift av Nomek, vart registrert som eige selskap i 2013. Verksemda utviklar og produserer sjølvbetente automat for sal av propan.

### Verksemd i vekst

Harold Wieldraaijer i Vendanor kunne informere Nordfjorrådet om at verksemda no har levert 130 automat i Norge, og 20 i Danmark. 22 automat er også selt til Sverige. I følgje Wieldraaijer har verksemda vekt interesse langt utanfor Norden.

– I Europa har vi fått førespurnader frå Estland, Polen, Tyskland, England, Nederland, Belgia, Italia og Russland. Vi

har også fått førespurnader frå USA, Australia, Uruguay og Taiwan.

På si omvisingsrunde fortalde Wieldraaijer om fleire pågåande og framtidige prosjekt som verksemda har.

– Vi ser stadig etter nye og betre løysingar, seier Wieldraaijer.

Fleire propanautomat i lokalet stod klare til levering.

**THOMAS THAULE**  
thomas.thaule@fjordingen.no